



OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dato: 28.02.2017
Vår ref.: 2016/34691-5
Saksbehandlar: gudmath
Dykkar ref.:

Forslag til endringar i vannressursloven og jordlova. Fråsegn

Fylkesutvalet i Hordaland handsama den 23.02.2017 sak om forslag til endringar i vannressursloven og jordlova.

Vedtak:

- « Fylkeskommunen har sidan 2010 hatt vedtaksmyndighet i kraftsaker under 1 MW, men med ei rekkje unnatak. Forslaget om å overføre denne type saker til kommunane vil framleis ha mange unnatak, og sakene vil vere få, men stadig meir konfliktfylte. Det vil vere betre ressursbruk og meir effektivt å handsame sakene regionalt. Fylkesutvalet går inn for at myndigheita framleis skal vere hjå fylkeskommunane.
- 1. Fylkesutvalet meiner at OED må utgreie å overføre større myndighet for kraftsaker under 1 MW til dei nye regionane. Dei vil ha den nødvendige kompetansen til å behandle fleire type søknader. Fylkesutvalet ber om at OED utset endring av vannressursloven på dette punktet til regionreforma er vedtatt. Dei nye regionane bør få fleire, ikkje færre oppgåver.
- 2. Fylkesutvalet har ingen merknader til dei andre forslaga til endringar i Vannressursloven.
- 3. Fylkesutvalet har ingen merknader til forslag til endringar i Jordlova.
- 4. Fylkesutvalet har ingen merknader til forslag til endringar i Jordlova «

Saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Gudrun Mathisen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Forslag til endringar i vannressursloven og jordlova. Fråsegn
- 2 Saksprotokoll fylkesutvalet 23.02.2017